

# **ORKDAL NEI TIL EU**

**Moglege virkningar av felles  
Elektrisitetsmarknad i EØS/EU på  
elektrisitetsprisane i Noreg og på norsk  
kraftkrevjande industri**

**Moglege virkningar av felles  
Elektrisitetsmarknad i EØS/EU på  
elektrisitetsprisane i Noreg og på norsk  
kraftkrevjande industri**

Orkdal 12/11--94

**Mads Løkeland**

**Innhald:**

ORKDAL NEI TIL EU .....	1
Moglege virkningar av felles Elektrisitetsmarknad i EØS/EU på elektrisitetsprisane i Noreg og på norsk kraftkrevjande industri.....	1
Moglege virkningar av felles Elektrisitetsmarknad i EØS/EU på elektrisitetsprisane i Noreg og på norsk kraftkrevjande industri.....	2
Mads Løkeland.....	2
Innhald: .....	3
Samandrag og konklusjonar .....	4
EU's syn på energimarknaden .....	5
Konklusjon om regelverket for elektrisitetsmarknaden.....	7
Planar for kraftliner. ....	7
Konklusjon om transportkapasitet .....	8
Kraftmarknadens verknad på prisnivået.....	8
Prisen på transport av elektrisk kraft. ....	9
Virkning på prisane. ....	10
30 –35 øres prisoppgang i Noreg.....	11
Kan kraftkrevjande industri i Noreg overleva i ein fri kraftmarknad? .....	12
Kan langsiktige avtalar berga kraftkrevjande industri fram til år 2010? .....	12
Kan kraftkrevjande industri bli berga av eigenprodusert kraft?.....	13
Korleis vil miljøet i Noreg bli påverka av fri kraftmarknad? .....	13
Verknader for privat økonomi.....	14
Mindre bedrifter og landbruket. ....	14
Verknader for E–verka.....	14
Kan lokale E–verk selja krafta under markndadspris?.....	15

### Samandrag og konklusjonar

1. Elektrisitet er å rekna som ein vare under Romatraktatens vanlege regelverk om fri marknad.
2. I strid med paragrafane i Romatraktaten er delar av elektrisitetsmarknaden utafor den frie marknaden, og berré 6% av EU's elektrisitetsproduksjon finn i dag vegen over dei gamle landegrensene.
3. I tillegg til at kommisjonen foreslår og vedtek retningslinjer for å fremja fri marknad for elektrisitet, blir EU-domstolen brukt til å slå ned på hindringar i marknaden. Domstolen bruker Romatraktatens generelle paragrafar i dette arbeidet.
4. Fleire EU-land liberaliserer no kraftmarknaden sin frivillig, eller erklærer at dei vil gjera det.
5. Dei som produserer kraft kan inngå store og langsiktige avtalar om kraftleveransar til låg pris dersom prisen avspeiler objektive økonomiske interesser hos produsent. Kjøparen sitt behov for kraft til låg pris må ikkje bli tillagt vekt. Følgeleg vil staten ikkje kunne subsidiera kraftkrevjande industri gjennom gunstige kraftavtalar. Staten vil ikkje heller kunne fritta kraftkrevjande industri for elektrisitetsavgift utan å gjera det same for annen industri.
6. Det er ikkje tillatt for dominerande aktørar i marknaden å halda andre ute frå transportnett for elektrisitet.
7. Dei eksisterande langsiktige kraftavtalane mellom staten og kraftkrevjande industri kan bli brakt inn for EU-domstolen og kjent ugyldige dersom dei bryt med dei to foregåande punkta.
8. EU har omfattande planar for utbygging av høgspennetnettet for å sikra at elektrisitetsmarknaden blir reell. På same vis har Noreg omfattande planar om vidare utbygging av høgspennetlinjer til utlandet, til total eksportkapasitet 70 TWh i året, eller ca 60% av Noregs årlege elektrisitetsproduksjon.
9. Når kraftmarknaden blir reelt fungerande, blir prisnivået på kraft i Noreg i prinsippet lik prisnivået sentralt i Europa fråtrekt transportkostnaden. På lang sikt vil prisen i Noreg stiga med 30 – 35 øre pr kWh for alle kraftkontrakter i Noreg. Vi kan venta ytterligare prisauke på grunn av forventa prisauke i EU. Allereide dei første åra kan vi venta sterk prisauke.
10. Norske kraftprodusentar vil få sterk auke i inntektene. Vi kan forventa forsøk på oppkjøp av norske energiverk. Vassdrag på verneplanen vil få sterkt press for utbygging. Bølgekraft/ vindmøller kan bli aktuelle på reint økonomisk grunnlag.

- 
11. Aukande kraftprisar gjør det vanskeleg for smelteverksindustrien å overleva i konkurranse med smelteverk. Særleg gjeld dette ferrolegeringsindustrien. Papirindustrien vil gå over til oljefyring.
  12. Kraftkrevjande industri med eigen produksjon av kraft vil eksportera krafta framfor å bruka den til eigen produksjon dersom prisauke gjør dette meir lønsomt.
  13. Ein gjennomsnittleg forbrukar vil måtte betala 3000 – 7000 kr meire i året for straum og oppvarming, avhengig av om han kan gå over til olje/ ved eller ikkje. Energisparetiltak av typen varmepumpe/ jordvarme vil ikkje lenger bli lønsom.
  14. Totalt sett vil Noreg få sterk auke i utslipp av CO<sub>2</sub> om ein ikkje innfører høge avgifter på olje og gass.

### **EU's syn på energimarknaden**

#### **EU-infokontoret for Næringslivet:**

"EF har et klart mål om å skape et åpent energimarked. Gjennom EØS-avtalen vil Norge bli berørt av denne politikken på samme måte som EF-landene, og for norsk næringsliv vil dette innebære endrede betingelser."<sup>1</sup>

#### **Kommisjonens arbeidsdokument om den indre energimarknaden 2.mai 1988:**

Omhandler gass og elektrisitet, og har som målsetting å få større marknadsorientering basert på fellesskapslovgivninga.

Definerer grad av integrasjon, hindringar for ein opnare marknad og prioriteringane til kommisjonen. Forslaget var å avvikla alle gjenverande hindringar i samhandelen."<sup>2</sup>

#### **Tidlegare EU-kommisjonær for Energi og Transport, Abel Matutes 5/10-93:**

"Energi er ein vare. Eg må medgi at den på mange vis er ein spesiell vare, men, likevel ein vare som må bli underlagt marknadsprinsippa."<sup>3</sup>

#### **EU-direktiv som omhandlar elektrisitet spesielt:**

"Restriksjoner på fri omsetning av varer og adgang til å yte tenester i forbindelse med varekontrakter innen vann og energiforsyning, transport og telekommunikasjon er forbudt i samsvar med Traktatens artikkel 30 og 59."<sup>4</sup>

#### **Kommisjonensdirektiv nr 90/547 av 29/10-90**

Om transittrett på elektrisitetsnettet.

---

<sup>1</sup>Ta utfordringen, Euro-Info 30/10-91. (EF-informasjonskontoret for næringslivet.)

<sup>2</sup>ANALYTICA, Rapport for Odda og Omland Faglige Samorganisasjon, 19/10-94

<sup>3</sup> "Energy in Europe" nr 22, Desember 1993, European Commission, Directorate General for Energy.

<sup>4</sup>EU-direktiv nr 90/531

**Kommisjonens forslag til elektrisitetsdirektiv 1992.**

Dette var eit vidtgåande forslag til direktiv om nye felles retningslinjer for ein indre marknad for elektrisitet.

Det meste er ikkje avklart pr november 1994, og er utsatt etter stor motstand. Det blir vurdert på nytt av unionsrådet, tidligst i desember 1994, og seinare av EU-parlamentet.

Det er sannsynleg at det enno vil gå eit par år før nye reglar for Elektrisitetsmarknaden kan få verknad, i samband med revisjonen av Maastricht-avtalen som skal skje i 1996.

**EU-kommisjonær for konkurransesaker, Karl van Miert:**

Ettersom energi i prinsippet er underlagt dei fire frihetene i EU-systemet kan fri kraftmarknad bli innført ved bruk av domstolen:

"Uten at direktivene for gass- og elektrisitetsmarkedet blir vedtatt, ser Miert for seg en situasjon hvor saker blir brakt inn for domstolen. Her kan klagere påberope seg EF's generelle konkurranseregler og på den måten tvinge gjennom en liberalisering av energimarkedet."<sup>5</sup>

**Kommisjonen til sak mot medlemsland 1991:**

Kommisjonen tok i august 1991 initiativ til rettssak mot dei medlemslanda som ikkje tillot fri import og eksport av elektrisitet og gass, i lys av artiklene 30, 34, 37 og 169 i Romatraktaten. Dette dreide seg om Frankrike, Danmark, Spania, Italia, Irland, Nederland, Belgia, Hellas og Storbritannia. Av disse har Belgia og Hellas erklært at dei ikkje har innskrenkingar i fri import og eksport, mens Storbritannia, Frankrike og Nederland har sagt at dei vil endre lovverket sitt. Rettsforfølging er difor forlatt.<sup>6</sup>

**Kraftkjøparar i Nederland vann sak i EU-domstolen 27/4-94:**

Lokale E-verk i Nederland følte seg utestengt frå energimarknaden gjennom avtalar mellom store krafthandlarar og fremma sak for EU-domstolen. Dom falt 27/4-94: "I dommen har Domstolen implisitt bekrefta at elektrisitet er ein vare og difor fell under regelen i Artikkel 37 EC som omhandlar statlege monopolselskap av kommersiell natur i medlemslanda. I denne saka oppstår avgrensningane i fri konkurranse gjennom store kontrakter mellom selskap og ikkje gjennom direkte tiltak frå staten. Difor må saka bli undersøkt ut ifrå EU's konkurranseregler i Artikkel 85 og 86 (EC)." Domstolen slår vidare fast at omfattande avtalar mellom dominerande aktørar i marknaden som hindrar tredjepart tilgang til høgspennetnettet er i strid med EU's regelverk.<sup>7</sup>

---

<sup>5</sup>Dagens Næringsliv 31/3-93.

<sup>6</sup>Kommisjonens rapport om framgangen i energimarkedet, juni 1993, referert frå "Energy in Europe" nr 22, desember 1993, side 36, European Commission, Directorate General for Energy.

<sup>7</sup>Dom frå EU-domstolen 27/4-94 i Sak 393/92, referert i "Energy in Europe" nr 23, juli 1994, European Commission, Directorate General for Energy.

---

### **Kommisjonen til sak mot statlege handelsmonopol, juni 1994:**

Kommisjonen tok juni 1994 initiativ overfor domstolen ifølgje artikkel 37 og 169 i Romatraktaten og kravde at statlige handelsmonopol på kraft i Frankrike, Italia, Spania, Irland og Holland må bli tilpassa for at dei ikkje skal bryta artikkel 30–34 i Romatraktaten om forbod mot restriksjonar på handelen eller tiltak med tilsvarande verknad. Det er forventa avgjerd i 1995.<sup>8</sup>

### **Liberalisering i Tyskland:**

"Parallelt med at Brussel strever med å få til en liberalisering av energieimarkedet innen EU, jobber den tyske næringsminister Günther Rexrodt med en ny energilov i Tyskland. Enkeltkunders rett til å skifte strømleverandør skal være konkurransens motor, sier han.

Det springende punktet er at energiselskapene motsetter seg adgang for tredjepart til "deres" kraftnett."<sup>9</sup>

### **Konklusjon om regelverket for elektrisitetsmarknaden**

Elektrisitetsmarknaden er i utvikling mot ein fri marknad der Romatraktatens regelverk for den indre marknaden vil gjelde fullt ut, men det kan enno gå nokre år før dette blir fulgt opp av regelverk som regulerer korleis dette skal skje.

Det generelle regelverket i Romatraktaten og dommar i EU-domstolen har likevel vist at nokre viktige prinsipp allereide gjeld for Elektrisitetsmarknaden:

Det er ikkje tillatt å driva med skjult subsidiering gjennom salg av elektrisitet frå statlege handelsmonopol. Det vil vera tillatt med ulik pris for avtalar med ulik mengde, lengde etc, men desse prisskilnadene må alltid kunne bli forklart ut ifrå seljarens objektive økonomiske interesser i marknaden. Den einskilde kjøpar må ikkje få fordelar samanlikna med andre kraftkjøparar.

Vidare må ikkje aktørar i marknaden utnytta sin dominerande stilling til å halda andre ute frå transportnett.

### **Planar for kraftliner.**

Vilkåret for at kraftmarknaden skal fungera, er at det finst tilstrekkeleg kapasitet på transportnett for elektrisk kraft.

---

<sup>8</sup>Ifølgje: ANALYTICA, Rapport for Odda og Omland Faglige Samorganisasjon, 19/10–94

<sup>9</sup>Statnett magasin 5/94, s 6

**Romatraktaten, artikkel 129B:**

"1. For å bidra til å virkeliggjøre målene i artikkel 7A og 130A og for å sette unionsborgere, markedsdeltakere og regionale og lokale samfunn i stand til fullt å utnytte fordelene ved et område uten indre grenser, skal Fellesskapet bidra til å opprette og utvikle transeuropeiske nett på områdene for transport-, telekommunikasjons- og energiinfrastruktur.

2. Innen rammen av en ordning med åpne og konkurransbaserte markeder skal Fellesskapets virksomhet ta sikte på å fremme samkjøring og samtrafikk på de nasjonale nett, samt adgangen til slike nett. .."

**Investeringar i høgspenninger i EU:**

For perioden 1990–95 vil det bli bygget 7850 km høgspenningslinjer (220 kV eller høgare) i EU.<sup>10</sup>

**Investeringar i høgspenninger i Noreg:**

Det er mange kablar under planlegging og bygging frå Noreg til utlandet, og når (om) alle desse er ferdige om 5–6 år, vil det vera ein teoretisk overføringskapasitet på 70 TWh årleg, eller 60% av Norsk årsproduksjon. Det blir samtidig meldt om sterk utbygging av kraftlinjer internt i Noreg for å kunne møte dei nye linene med kraft.

"De tre Europakablene som høyst sannsynlig vil komme, medfører behov for en rekke forsterkninger."<sup>11</sup> (Forsterkning av høgspenningsnettet i Noreg)

Ved årsskiftet blir marknaden sluppet laus i Sverige, og då kan transitt over Sverige bli aktuelt. Seinare er dette også aktuelt via Finland.

**Konklusjon om transportkapasitet**

Utbygginga av transportkapasitet i EU og i Noreg gjør at det i løpet av nokre år vil vera mogleg å setja fri energimarknad ut i livet sjølv om Noreg skulle koma i ein slik posisjon at store delar av den kraftkrevjande industrien blir lagt ned og energien eksportert. Denne kapasiteten vil seia at EU-prisar i framtida vil få full gjennomslag i Noreg, korrigert for transportkostnadene.

Pr idag er transportkapasitet avgrensa, slik at vi vil få ein pris på eit mellomnivå mellom EU-nivå og gammalt norsk nivå, men desse prisane vil stiga etterkvart som overføringskapasiteten aukar.

**Kraftmarknadens verknad på prisnivået**

Energiprisane i EU ligg langt over det norske, både for industri og vanleg forbruk. Ein vil likevel finna lågare prisar i avtalar til kraftkrevjande industri på grunn av mengde og avtalelengde. Nokre avtalar går nok lenger enn dette og inneheld skjult subsidiering, men vil med tida måtte bli endra eller brakt inn for domstolen.

---

<sup>10</sup>Kommisjonsrapport 3/12–91. Information Energy, march 1994, Directorate General for Energy.

<sup>11</sup>Statnett Marked 4/95 s 23







**Prisnivået i EU i 1992, referert i norske kr:<sup>12</sup>**

Land	Industripris	Servicepris
Tyskland	58	94
England	47	78
Frankrike	37	80
Danmark	41	58
Nederland	32	68
EU-snitt	55	80

Generaldirektoratet for Energi ventar at prisane vil stiga i EU, ikkje minst etter århundreskiftet.

**Norske prisar:**

Prisane i Noreg er avhengig av avtaletype, men langsiktige avtalar ligg på 12– 15 øre pr KWh for høgspekt kraft. På "Spot"-marknaden er vi no oppe i 20 –25 øre. Prisoppgangen den siste tida har fleire årsaker, men har klår samanheng med at det blir inngått eksportavtalar og at det svenske selskapet Vattenfall i samarbeid med Statkraft har fått prisane i været i påvente av fri marknad i Sverige frå årsskiftet. Vi må sjå på prisauken som eit forvarsel på kva som vil skje når eksporten aukar.

**Prisen på transport av elektrisk kraft.**

I ein fungerande fri marknad med tilstrekkeleg transportkapasitet over alt til ein kvar tid, vil det i prinsippet vera transportkostnadene som skiller prisen mellom Noreg og sentral-Europa.

På ein 1000 Mw overføringsline mellom Noreg og Tyskland kan ein rekna med ein transportkostnad på 6,5–8 øre pr Kwh ved eit tap på 10% ved overføringa. Dette dekker både drifts-, kapital-, og taps-kostnader ved overføringa. No er 10% tap høgt rekna. Det er sannsynleg at det er mogleg å koma ned på eit gjennomsnittleg tap på 4,7%<sup>13</sup>, slik at overføringskostnadene kan koma ned i 5–6 øre pr Kwh.

<sup>12</sup>RV-rapport om EF/EØS og den nasjonale kampen om vasskrafta og konsesjonslovene, Oslo 1993

<sup>13</sup>Botnen, O.J. m.fl., "Norge som energinasjon. Vannkraft som basis for elektrisk samhandel med Kontinental-Europa. EFI, Trondheim 1991. s 28–29

### Virkning på prisane.

#### Departementsråd Erik Himle i Energi- og Næringsdepartementet:

"Et fullstendig fritt og konkurransepreget felles kraftmarked innenfor EØS kan gjøre det vanskelig å realisere nåværende mål for kraftforsyningen. Dette kan bli tilfelle dersom norsk fastkraft av noen størrelse skulle finne bedre betalte markeder i andre EØS-land uten en tilsvarende økning i kraftproduksjonen. Det ville bidra til å trekke det norske kraftprisnivå oppover. Vi ville eksportere kraft og importere utlandets høyere kraftpriser. Dermed ville det bli utlandets alternative energikostnader og ikke de lavere kostnader ved vårt utbygde vannkraftsystem som ville avspeiles i vårt innenlands kraftmarked. Generelt ville dette først ramme de deler av innenlandsmarkedet som har lavest betalingsevne. Det er den kraftkrevende industri hos oss som i andre industriland."<sup>14</sup>

#### Økonomi-professor Steinar Strøm:

"Fordelen med langsiktig krafteksport ligger i å omfordele dagens salg av kraft, bort fra de som nå betaler minst (bl.a. kraftkrevende industribedrifter) til kunder i nabolandene. En implikasjon av den nye energiloven og fri handel med kraft, vil bli at den innenlandske kraftprisen vil bli bestemt av kraftprisen i Nord-Europa (korrigert for transportkostnadene). Den nye energiloven vil sørge for at prisene på kraft blir like (korrigert for brukstid og transport). Utenrikshandelen med kraft på langsiktige kontrakter blir bestemt av prisnivået i Nord-Europa. Dagens priser i disse nabolandene og kostnader for å ekspandere kraftproduksjonen kan innebære at det norske prisnivået for kraft vil øke relativt mye i forhold til i dag. Spesielt vil prisene øke mye for de som i dag betaler lite for kraften."<sup>15</sup>

"Industrien i Norge betaler i gjennomsnitt bare 1/5 av den kraftprisen som f.eks. tyske bedrifter må ut med. Det vil være betydelige gevinster for kraftprodusentene – og Norge som helhet – å slepe mindre til norsk industri og mer til utlandet."<sup>16</sup>

---

<sup>14</sup>Foredrag på Nor Energi Forum i Oslo, 23.mai 1991 med tittelen "Kraftsektoren i EØS-sammenheng. Krav om omstilling og effektivitet, Samarbeid og konkurranse."

<sup>15</sup>Utgreiinga "Kraftforsyningens økonomi", SNF, mai 1992.

<sup>16</sup>Steinar Strøm til Statnett magasin 5/94, s. 21

**Direktøren i Hustad Marmor:**

"Vi føler at Statkraft og flere kraftprodusenter er i ferd med å manipulere det fremtidige norske kraftmarkedet ved hjelp av krafteksport for derigjennom å øke prisene og fortjenesten på innenlandsmarkedet... Etter hvert som de innenlandske kraftprisene øker og umuliggjør foredling av krafta i Norge vil imidlertid mer og mer av denne ledige krafta måtte eksporteres for å opprettholde et høyt prisnivå i Norge.... Når konsesjonene er gitt, kablene lagt og eksportavtalene inngått, selger vi samtidig odelsretten og muligheten for videreutvikling av krafta i Norge.... Det nasjonaløkonomiske regnestykket for krafteksport er negativt og mange norske industrisamfunn står i fare."<sup>17</sup>

**Tidlegare direktør Arnfinn Hofstad i Norske Skog:**

"EF arbeider for å få et friere energimarked i Europa. Dette vil i tilfelle innebære at kraftprisene i Norden og på kontinentet vil nærme seg hverandre, uansett vårt EF-valg."<sup>18</sup>

**30 –35 øres prisoppgang i Noreg**

Eg vil gjera eit forsøk på å rekna ut prisane på elektrisk kraft i Noreg ved fri kraftmarknad i EØS:

Den rimelege krafta i Noreg vil dra prisane nedover på kontinentet, mens dei høge prisane på kontinentet vil dra prisane i Noreg oppover. Prisskilnaden mellom kontinentet og Noreg vil, som professor Strøm uttrykte det, i prinsippet bli lik transportkostnadene, som er omlag 6 øre/ kwh.

Når ein tek omsyn til at Noreg produserer omlag 5% av kraftforbruket i EU mens kontinental pris er 55 øre, får vi ein teoretisk marknadspris på 53 øre pr kwh.

Den norske høgspente kraftprisen på ca 15 øre før frisleppet av marknaden vil difor i liten grad påvirka det resulterande prisnivået.

I Noreg vil prisen på høgspent kraft teoretisk bli 53 øre – 6 øre i transportkostnad = 47 øre, eller ein oppgang på 32 øre.

Dette vil seia at fri kraftmarknad vil føra med seg ein sannsynleg prisoppgang for norske kraftleveransar med 30 – 35 øre, i nokre tilfelle meir, og vi endar med høgspent kraftpris på rundt 47 øre og lågspent pris på ca 80 øre (+ 5,2 øre i avgift for privatkundar).

Desse utrekningane forutset fullstendig fri marknad, som er urealistisk, men samtidig er det forventta ein prisoppgang i EU, slik at resultatet sannsynlegvis ikkje er langt unna sanninga. Vi må også forventta ein viss variasjon mellom landsdelane.

---

<sup>17</sup>Sturla Steinvik, Hustadmarmor A/S i årsmelding 1993 for fylkeskommunen.

<sup>18</sup>Norske Skog og Europa, Skogn, august 1993, s4.

### **Kan kraftkrevjande industri i Noreg overleva i ein fri kraftmarknad?**

Som professor Strøm og departementsråd Himle uttrykte det, er det den kraftkrevjande industrien som vil bli hardest ramma ved fri kraftmarknad. Professor Strøm går lenger og antyder at nedlegging kan vera rett:

"Men den kraftkrevjande industrien er fortsatt skjermet. Dersom denne industrien ikke kan betale det kraften koster, er den ikke levedyktig. I så fall betyr det at samfunnet kan oppnå bedre verdiskapning ved å selge denne kraften til markedspris hjemme eller ute."<sup>19</sup>

Det er sannsynleg at det er mogleg å forhandla seg fram til kraftavtalar for den kraftkrevjande industrien som går eit stykke under 47 øre, men eg kan ikkje sjå at det kan vera mogleg å gå lenger ned enn til 35 øre utan at avtalen kan bli brakt inn for EU-domstolen som brot på Romatraktatens regelverk om fri konkurranse og misbruk av statlege handelsmonopol.

Den norske kraftkrevjande industrien har hatt låg kraftpris som sitt viktigaste konkurransefortrinn. Utan det vil transportkostnader og avstand til dei store marknadene gjera det vanskeleg å driva vidare.

For bedrifter som Thamshavn verk og Holla Metall vil ein pris på 35 øre seia øyeblikkeleg nedlegging. Allereide ved 20 til 25 øre er det stans.

### **Kan langsiktige avtalar berga kraftkrevjande industri fram til år 2010?**

I diskusjonar med talsfolk for regjeringa blir det hevda at dei reforhandla statleg kraftavtalane med løpetid fram til år 2010 (for dei lengste), er sikre og at det vil vera mogleg å oppretta liknande avtalar også i framtida.

Den siste påstanden er manglar grunnlag. Med EU's regeleverk, nye kraftliner og ein vidareutvikla kraftmarknad, vil det ikkje vera mogleg for den norske staten gjennom Statkraft, å forfordela norsk kraftkrevjande industri. Kraftavtalane må vera økonomisk grunnleggjande i seljarens objektive interesser.

---

<sup>19</sup>Statnett Marked 5/94 s20.

---

Til den første påstanden om at avtalane vil kunne løpa til dei tek slutt, er det delte meiningar om det. Direktøren for dei Danske Elværkers Forening ventar seg at eksisterande norske statlege langtids kraftkontrakter vil bli trekte for EU-domstolen fordi dei er eit hinder for fri marknadsadgang. EU-domstolens dom av 27/4-94 tyder på at dette er rett. Det er difor eit ope og tvilsomt spørsmål om desse avtalane kan løpa fritt. Dette gjeld ikkje minst dei avtalane der prisen på elektrisitet er knytta til prisen på det produktet industrbedrifta produserer. Denne produktprisen har intet å gjera med "objektive økonomiske interesser hos kraftseljar", slik EU/EØS krev.

Ein indikasjon på at regjeringa ikkje er så sikker på si eiga tolkning vedrørande lovligheita av dei gunstige kraftavtalane er at dei ikkje er villig til å inngå nye kraftavtalar til erstatning for dei gamle som går ut. Verken Hafslund Metall eller Lilleby smelteverk i Trondheim kan leva med dei høge kraftprisane som den norske kraftmarknaden har komme opp i (25 øre), og dei har forsøkt å få nye statkraftavtalar, men har fått nei (i oktober/ november 1994), og risikerer å bli nedlagt om ikkje regjeringa snur.

### **Kan kraftkrevjande industri bli berga av eigenprodusert kraft?**

Fleire av industribedriftene/ konserna har eigen produsert kraft, ikkje minst ELKEM, og dette blir gjerne nemnd som ein garanti for å kunne halda fram med produksjonen også under fri kraftmarknad.

#### **Styret i Elkem:**

"Selv om myndighetene ennå ikke har åpnet for fri krafteksport, er det ikke lenger noe prinsipp i ELKEM at norske kraftressursar skal brukes til industri produksjon her i landet. Etterhvert som verden rundt oss forandrer seg, kan vi ikke lenger har slike grunnsyn."<sup>20</sup>

Det er vanskeleg å tolka dette på annan måte enn at Elkem ikkje vil bruka eigen kraft til å halda liv i industribedriftene sine dersom dei kan tene meir ved å eksportera krafta.

### **Korleis vil miljøet i Noreg bli påverka av fri kraftmarknad?**

Dei høge elektrisitetsprisane vil føra til kraftig auke i brenning av fossile brennstoff. Elektrisitet vil bli erstatta av olje/ ved/ gass, der dette er mogleg. Papirfabrikkane vil gå over til oljefyrte kjeler, og hushaldingar vil gå over til olje og ved. Satsing på energispareiltak som varmpumper/ jordvarme vil stansa av seg sjølv, fordi energisparinga ikkje er tilstrekkeleg til å konkurrera med den langt lågare oljeprisen. I Danmark er det protestar mot høg elektrisitetspris fordi privatfolk med jordvarmeanlegg føler seg narra av staten (ifølgje Politiken, sept. 1994).

Dei verna vassdraga vil koma under sterkt press for utbygging, på grunn av dei enorme inntektene som blir moglege.

---

<sup>20</sup>Konsernsjef Ole Enger på pressekonferanse etter styremøtet i Elkem 19/2-93, NTB 19/2-93

### **Verknader for privat økonomi.**

Når prisen aukar med 30 – 35 øre pr Kwh, vil dette seia ein auke i årleg straumrekning på minst 7000 kr ved uendra forbruk for ein gjennomsnittsfamilie. For dei som kan gå over til andre oppvarmingskjelder, vil vi enda på ein prisauke på ca kr 3000 totalt sett.

Det kan bli mange som får det kaldt innendørs dei komande vintrane om økonomien er svak.

### **Mindre bedrifter og landbruket.**

Med ein prisauke på 30 – 35 øre pr kwh, vil dette slå tungt ut også for bedrifter der elektrisitetskostnadene utgjør ein liten del av dei totale kostnadene. Eit gjennomsnittleg gardsbruk med 40 000 kwh forbruk i året, vil måtte ut med 13 000 kr meire i straumrekning i året, og dette kan for mange bli ein tyngande meirkostnad.

### **Verknader for E-verka**

Her vil det slå ujamt ut, avhengig av om dei har eigen produsert kraft eller ikkje.

Dei som produserer kraft sjølv, kan bli reine gullgruvene, og gje store overskot til eigarane.

Dette vil gjera desse selskapa interessante for oppkjøp, og spørsmålet er kven som har økonomi til å kjøpa, og om dagens kommunale eigarar har mage til å seia nei til oppkjøp.

### **Peter Hoffmann, dansk energipolitisk kontaktperson overfor EU:**

"Så snart EØS-avtalen er på plass, vil de store kraftselskapene på Kontinentet, som Preussen Elektra og Electricité de France, komme på handlerunde til norske kraftverk og friste kommunale eiere med milliardtilbud. Under EØS kan norske myndigheter ikke forby oppkjøp av kraftverk. Når Norge er med i EØS, kan ingen holdes ute med konsesjonslover. Da vil det ikke være noe som heter utlendinger."<sup>21</sup>

**Preussen Elektra**, eitt av dei største energiverka i Tyskland, har alt kjøpt seg inn i Sydkraft (det nest største e-verket i Sverige) med 16,2%.

"Med 21000 ansatte er Preussen Elektra en gigant i forhold til samtlige norske energiverk. Selskapet hadde i fjor en omsetning på nærmere 53 milliarder kroner og fikk et resultat på nærmere en milliard kroner."<sup>22</sup>

---

<sup>21</sup>Intervju i Dagens Næringsliv 16/3-93

<sup>22</sup>Statnett magasin, 5/94 s 10.



**"Tørstig på norske kraftverk":**

"Den svenske kraftgiganten Vattenfall er "tørstig" på norske kraftverk. Overfor Dagens Næringsliv legger ikke Vattenfalls adm.dir. Carl-Erik Nyquist skjul på at selskapet er svært lysten på oppkjøp av norske kraftprodusenter. (...) Avisen forteller videre at Oslo energi forhandler med Göteborg Energi om å kjøpe 15% av aksjene i dette selskapet. Som motytelse skal svenskene kjøpe kraftverk av Oslo Energi. Totalprisen for pakken skal ligge rundt 800 millioner kroner. (...) Britiske Yorkshire har allerede laget oppstuss i Sverige etter at selskapet kjøpte 17,3% av det kommunalt eide Stockholm Energi. Yorkshire energi har nemlig forlangt at det ikke gis utbytte før Stockholm Energi har nådd en soliditet på 30%. Stockholm Energi har i en årrekke vært en solid bidragsyter til kommunekassen."<sup>23</sup>

**Høgre ønskjer å selja kraftverka:**

"Bli kvitt kommunal og fylkeskommunal armod ved å selja ut kraftverk. Det er Høyres oppskrift på å skaffe mer penger til nødvendige offentlige investeringer. Høyres Gunnar Fatland regner med å kunne få inn 60 milliarder om bare 20% av kraftrettinghetene selges ut. Høyre har ingen betenkeligheter med å la fylkeskommuner og kommuner selge kraftverk til utlandet, sier Gunnar Fatland, som mener det ikke vil være mulig å selge kraftverk for så store beløp bare til norske selskaper. Derfor er det ikke noe i veien for at utlendinger får oppkjøpsmulighet, og dermed også en sentral rolle i norsk kraftproduksjon i fremtiden."<sup>24</sup>

**Økonomiprofessor Steinar Strøm:**

"Norsk energiforsyning kan som sagt bli meget godt butikk, og det er vanskelig å sette en riktig pris på et kraftverk. Kommuner og fylkeskommuner bør tenke seg nøye om før de lar seg friste til å selge."<sup>25</sup>

**Kan lokale E-verk selja krafta under markndadspris?**

E-verk med eigen produksjon av elektrisk kraft vil ha økonomi til å kunne selja krafta til eigne abonnentar under marknadsprisen, men spørsmålet er om dette vil vera tillatt.

Til private abonnentar utan produksjon for sal på EU-marknaden er det utvilsomt lovleg.

Til produksjonsbedrifter der elektrisitetskostnaden er ein stor del av produksjonskostnadene vil sal av elektrisk kraft under marknadspris vera brot på Romatraktatens artikkel om subsidiering, misbruk av monopolstilling etc. Risikoen for å bli oppdaga er avhengig av kor stor produksjonsbedrifta er.

---

<sup>23</sup>Elektrikeren, juli 1994

<sup>24</sup>Gunnar Fatland, energipolitisk talsmann for Høgre i Dagens Næringsliv, 29/5-93

<sup>25</sup>Steinar Strøm til Statnett magasin 5/94, s. 21

---

Det er lite sannsynleg at det vil bli slått ned på rimeleg kraftsal til bedrifter der elektrisitetskostnaden er ein liten del av produksjonskostnadene, men om det får stort omfang innan ei næringsgrein kan det likevel vera ein risiko for inngrep, som f.eks. landbruket i eit distrikt.

Forutsetninga for å kunne gjennomføra kraftsal til "gamle prisar", under marknadspris, er likevel avhengig av at dei lokale E-verka fortsatt er kommunalt eigd og ikkje solgt til private.